

## FØRESPURNAD OM INNSYN I PERSONOPPLYSINGAR

Skriv tydeleg. Bruk blokkbokstavar.

Eg ber med dette om innsyn i dykkar behandling av personopplysingar med heimel i personvernforordninga artikkel 15. (Baksida av skjemaet gjev deg meir informasjon om regelverket.)

<b>1. Kva ynskjer du? (kryss av)</b>									
<input type="checkbox"/> Eg ynskjer stadfesting på om Luster Sparebank behandlar personopplysingar om meg <input type="checkbox"/> Eg ynskjer innsyn i personopplysingane Luster Sparebank har om meg (Personopplysingane banken lagrar om deg finn du og kan oppdatere i nettbanken) <input type="checkbox"/> Eg ynskjer generell informasjon om korleis Luster Sparebank handsamar personopplysingar (sjå vår personvernerklæring <a href="#">her.</a> )									
<input type="checkbox"/> Eg ynskjer innsyn i personopplysningar om: <ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> meg sjølv</li> <li><input type="checkbox"/> eige barn som er under 15 år (begge føresette må signera under punkt 3.)</li> <li><input type="checkbox"/> ein person eg handlar på vegne av (fullmakt må leggjast ved)</li> </ul> Eg ynskjer innsyn i opplysingane som spesifisert her: (set eitt eller fleire kryss) <table style="width: 100%; border: none;"> <tr> <td><input type="checkbox"/> Kontoavtalar</td> <td><input type="checkbox"/> Nettbank, mobilbank og BankID</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Lån og kreditt</td> <td><input type="checkbox"/> Forsikring</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Visa og MasterCard</td> <td><input type="checkbox"/> Betaling og transaksjonar</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Sparing, fond og aksjar</td> <td><input type="checkbox"/> Anna - spesifiser: .....</td> </tr> </table> Oppgje aktuell tidsperiode for innsyn: .....		<input type="checkbox"/> Kontoavtalar	<input type="checkbox"/> Nettbank, mobilbank og BankID	<input type="checkbox"/> Lån og kreditt	<input type="checkbox"/> Forsikring	<input type="checkbox"/> Visa og MasterCard	<input type="checkbox"/> Betaling og transaksjonar	<input type="checkbox"/> Sparing, fond og aksjar	<input type="checkbox"/> Anna - spesifiser: .....
<input type="checkbox"/> Kontoavtalar	<input type="checkbox"/> Nettbank, mobilbank og BankID								
<input type="checkbox"/> Lån og kreditt	<input type="checkbox"/> Forsikring								
<input type="checkbox"/> Visa og MasterCard	<input type="checkbox"/> Betaling og transaksjonar								
<input type="checkbox"/> Sparing, fond og aksjar	<input type="checkbox"/> Anna - spesifiser: .....								
<b>2. Mitt namn og kontaktopplysningar</b>									
Namn:									
Fødselsnummer:	Telefonnummer:								
Adresse:									
Namn og fødselsnummer/organisasjonsnummer på den som opplysningane gjeld - dersom innsynet vert gjort på vegne av andre:									
Eventuelle tilleggsopplysningar om den som opplysningane gjeld: (kundennummer, avtalenummer, eller liknande som kan gjera det lettare for banken å finna det som er registrert)									
<b>3. Signatur</b>									
Stad/dato:	Underskrift:								
<i>Skjemaet må skrivast ut og signerast. Deretter skal det, evt. saman med fullmakt, sendast til banken si postadresse (Luster Sparebank, Øyagata 2, 6868 Gaupne) eller i PDF-format via meldingstenesta i Nettbanken). NB! Opplysningane vil verta sendt i retur til den adressa du er registrert med i banken.</i>									

## Informasjon om personvernregelverket

*Innsyn i personopplysingar er regulert i Lov om behandling av personopplysninger og EU si personvernforordning.*

**Definisjon.** Personopplysingar er alle opplysingar om ein identifisert eller identifiserbar fysisk person, jfr. Personvernforordninga artikkel 4. Informasjon om juridiske personar fell utanfor omgrepet

**Innsyn er ein rett.** Kunden har, på førespurnad, rett til å få ei stadfesting frå Luster Sparebank om me behandlar personopplysingar om vedkommande. I så fall har kunden rett til innsyn i egne personopplysingar jfr. Personvernforordninga artikkel 15. Dette gjev kunden ein rett til å gjera seg kjent med kva personopplysingar Luster Sparebank behandlar.

**Føremål.** Føremålet med innsynsretten er at kunden skal kunne skaffa seg relevant informasjon om behandlinga og få verifisert at det skjer i samsvar med dei krava som personvernforordninga stiller. Eit viktig omsyn bak innsynsretten er også at den gjev kunden moglegheit til å krevja retta eller sletta eventuelle opplysingar som er feil eller overflødige.

**Frist for å gje svar.** Banken har plikt til å svara utan ugrunna opphald, og seinast 30 dagar etter at førespurnaden er motteken. Dersom førespurnaden er stor og kompleks kan svarfristen forlengjast med ytterlegare to månader. I så fall må banken informera kunden om dette seinast 30 dagar etter at førespurnaden kom inn. Banken må også informera om årsaka til forseinkinga, jfr. Personvernforordninga artikkel 12.

**Ein gratis kopi.** Kunden har rett på ein gratis kopi av sine personopplysingar. Dersom kunden ynskjer meir enn ein kopi kan banken krevja eit rimeleg gebyr som står i forhold til administrasjonskostnadene, jfr. Personvernforordninga artikkel 15 punkt 3.

**Unntak.** Det fins nokre unntak frå innsynsretten. Retten til å få kopi gjeld ikkje dersom dette vil krenkja andre sine rettigheter og grunnleggjande fridom, jfr. Personvernforordninga artikkel 15 nr. 4. Innsynsretten gjeld heller ikkje utlevering av fullstendige dokument, det er kun personopplysingane som er gjenstand for innsyn. Også lovpålagt teieplikt og omsynet til førebygging, etterforskning og rettsleg forfølging av straffbare handlingar er unnateke. Også dokument til intern saksførebuing som ikkje er utlevert til andre er unnateke. Viss banken ikkje gjev innsyn, må det gjevast skriftleg grunngjeving med tilvising til aktuell heimel.

**Retting.** Dersom kunden meiner at Luster Sparebank behandlar opplysingar som ikkje er rette, kan han/ho krevja at dei vert retta eller supplert av tilleggsopplysingar, jfr. Personvernforordninga artikkel 16.

**Sletting.** I enkelte tilfelle kan kunden krevja at personopplysingar vert sletta, jfr. Personvernforordninga artikkel 17.

**Avgrensing.** Dersom visse vilkår er oppfylt, kan kunden krevja at behandlinga av personopplysingar vert avgrensa, jfr. Personvernforordninga artikkel 18.

**Informasjonstryggleik.** Banken har plikt til å senda personopplysingane på ein sikker nok måte. Dokumenta vil bli sendt per post til den adressa me har registrert på kunden i vårt kundesystem.

**Tilsyn.** Det er Datatilsynet som fører tilsyn og handsamar etterlevinga av personvernreglane i Noreg, jfr. Personvernforordninga § 57. På [www.datatilsynet.no](http://www.datatilsynet.no) finn du meir informasjon.

**Klage.** Om du meiner at Luster Sparebank sin behandling av personopplysingar er i strid med Personvernforordninga, kan du klaga til Datatilsynet ved å senda brev til Datatilsynet, Postboks 458 Sentrum, 0105 Oslo. Jfr. Personvernforordninga artikkel 77.